

Landbrukskonferansen i Vestland 2019

# KLIMAKLOKT VESTLANDSLANDBRUK

Sogndal Quality hotell, Sogndal  
3.-4. september



Fylkesmannen i Vestland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# PROGRAM

## Tysdag 3. september

11.00 *Ankomst og registrering*

12.00 *Lunsj*

### 13.00 **Opning og velkomen**

Christian Rekkedal, landbruksdirektør, Fylkesmannen i Vestland og Endre Høgalmen, ass. direktør for næring og kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune

### 13.20 **For mykje og for lite vatn - norsk landbruk i eit endra klima**

Jakob Simonhjell, direktør, Norsk landbruksrådgiving (NLR)

### 13.55 **Planting av skog - kva betyr det for klima, miljø og næring**

Kjersti Holt Hanssen, forskar, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

14.35 *Beinstrekk*

### 14.50 **Mat, mytar og jakta på syndebukkar**

Birger Svihus, professor i ernæring, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)

### 15.25 **Klimabonden – film**

### 15.30 **Praktisk klimaarbeid i kommunane – døme frå Nordhordland**

Laila Bjørge, landbrukssjef, Meland og Modalen kommune

### 15.45 **Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt)**

Carlo Aall, leiar, Noradapt

16.00 *Kaffipause med noko å bite i*

### 16.30 **Å ta klimakloke val heime – kafèdialog**

### 18.00 **Avslutning første dag**

19.30 *Aperitiff*

20.00 *Felles middag*

## Onsdag 4. september

### 09.00 **Parallellsesjon A**

#### **A1 Forvaltningsrett og praktisk sakshandsaming**

- Terje Øvrebø, Fylkesmannen i Vestland

#### **A2 Hjorteforvaltning eller forynging av skog – ja takk, begge delar!**

- Merete Larsmon, Fylkesmannen i Vestland
- Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune

#### **A3 Vassforvaltning og miljø**

- Korleis motivere og engasjere bønder til arbeid med tiltaksplan? Praktisk døme frå Myklebustdalen i Gloppen, landbrukskontoret Eid og Gloppen
- Ny rettleiar frå NVE om naturleg kantvegetasjon, Gry Walle, Fylkesmannen i Vestland
- Gjødseintensitet og vassforureining - ny kartløyning for kommunen, Øyvind Vatshelle, Fylkesmannen i Vestland

#### **A4 Korleis byggjer vi omdøme og rekrutterer nye til næringa?**

- Nasjonalt prosjekt for rekruttering til naturbruksutdanning, Frøydís Haugen, nestleiar i Norges Bondelag
- Korleis kan samarbeid føre til rekruttering i landbruket- eit døme frå Sogn og Fjordane, Knut Vebjørnsen Mo og Øyrande vidaregåande skule

09.45 *Beinstrekk*

## 09.55 Parallellsesjon B

### B1 Produksjonstilskot – vurdering av vanleg produksjon

- Vurdering av vanleg produksjon, Helen Haaland, Fylkesmannen i Vestland
- Gamalnorsk sau – sau på heilårs utedrift, Hilde Buer, bonde

### B2 Oppfølging av foryngingsplikt – framtidsskogen må utviklast no

- Merete Larsmon, Fylkesmannen i Vestland

### B3 Jordvern = god planlegging

- Jordvern i plan, Åse Vaag, Fylkesmannen i Vestland
- Hordaland fylkeskommune og planarbeid knytt til jordvern, Heidi Bjønnes Larsen, Hordaland fylkeskommune
- Samarbeid i planarbeidet i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide, Stryn kommune

### B4 Biogass og biorest – nytteverdi og bonden si rolle?

- Kva er biogass og kva erfaringar har vi gjort på Voss? Tord Peder Araldsen, prosjektleiar Indre Hordaland Miljøverk
- Biogass og biorest - nytteverdi og bonden si rolle? Mari Aker, prosjektleiar, Norsk landbruksrådgiving

10.40 *Pause med kaffi og utsjekk*

## 11.00 Parallellsesjon C

### C1 Produksjonstilskot – er det ulikskapar i tilskotsforvaltninga?

- Handtering av produksjonstilskot, Arild Spissøy, Fylkesmannen i Vestland
- Resultat frå kartlegging om forureiningskontroll og forvaltning av gjødselregelverk, Øyvind Vatshelle, Fylkesmannen i Vestland
- Avkorting, Helen Haaland, Fylkesmannen i Vestland

### C2 Skogvegar – kommunalt ansvar frå 2020

- Terje Natland, Fylkesmannen i Vestland

### C3 Rovviltforvaltning i Vestland, ansvar og roller

- Hermund Mjelstad, Fylkesmannen i Vestland

### C4 Innovasjon i frukt og grønt

- Om samspel mellom innovasjon og verkemiddelapparat i nysatsingar, Harald B. Mundal, Lærdal grønt og Kjetil Widding, Siderklynga i Hardanger

11.45 *Beinstrekk*

## 11.55 Parallellsesjon D

### D1 Produksjonstilskot – aktuelle tema i tilskotsforvaltninga

- Erfaringar med kontroll av omsetning frukt og grønt, Sigmund Havn og Ola Øyrehagen, Sogndal kommune
- Oppdatering av jordregister og landbruksregister, Enisa Saracevic og Grethe Husevåg Strømmen, Fylkesmannen i Vestland

### D2 Eigedomsoverbyggande samarbeid i skogsdrifta – kommunen som rådgjevar

- Gunnar Kleive, Fylkesmannen i Vestland

### D3 Bruk av landbruksforskriftene til veg, planering og dyrking

- Forskrifter for tiltak i LNF-områda kan i nokre tilfelle kome i grenseland til regelverket i plan- og bygningslova og andre regelverk. Når og korleis handterer kommunane det? Døme: Konsekvensutgreiing, bruk av tilkøyrde massar og veganlegg. Terje Øvrebø, Terje Natland og Øyvind Vatshelle, Fylkesmannen i Vestland

### D4 Fleire bein å stå på – Inn på tunet, mat- og reiselivsutvikling i landbruket

- Fleire bein å stå på. Kva er flaskehalsane og korleis kan vi stimulere til næringsutvikling i landbruket? Ragna Flotve, Fylkesmannen i Vestland
- Marås hjort, Siv Marås.

12.40 *Lunsj*

## 13.40 Helsing frå fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Jenny Følling

### 13.45 Nytt fylke med ambisjonar for næringsutvikling og samarbeid innan landbruket

Endre Høgalmen ass. direktør for næring og kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bjørn Harald Haugsvær, ass. landbruksdirektør, Fylkesmannen i Vestland

### 14.00 Klimavenleg matproduksjon i praksis

Turid Haga Vange, inspirasjonsbonde i Landbrukets Økoløft, Vik

### 14.20 Den store klimadugnaden og landbruket si rolle

professor emeritus, seniorrådgjevar Reidar Almås, Ruralis, Institutt for rural- og regionalforskning

### 15.00 Avslutning og vel heim

*Med atterhald om endringar*

# INNLEIARAR

## Reidar Almås



Professor emeritus Reidar Almås er ein nestor innan norsk landbruksforskning. Han har bygd opp RURALIS – Institutt for rural- og regionalforskning, der han no arbeider som seniorforskar med rettleiing, publisering og anna formidling. Almås er særleg opptatt av framtida til norsk landbruk, og har i mange år vore ein aktiv samfunnsdebatant.

## Kjersti Holt Hanssen



Kjersti Holt Hanssen er forskar ved avdeling for Skogproduksjon og teknologi ved NIBIO. Der forskar ho på tema knytt til skogskjøtsel, først og fremst forynging av skog. Hanssen er utdanna naturforvaltar frå NMBU og har ei doktorgrad i skogskjøtsel frå same stad. Ho har også jobba som frilansjournalist, og har interesse for forskingsformidling.

## Birger Svihus




Birger Svihus er landbruks- og ernæringsforskar og professor ved Fakultet for biovitenskap ved NMBU. I boka si 'Spiselig - ein fortelling om maten og mennesker' frå 2016 drøftar han fortrinnet med moderne landbruk og argumenterer for moderne driftsformer. Svihus deltek aktivt i samfunnsdebatten knytt til mat, landbruk, helse og berekraft.

## Carlo Aall



Carlo Aall er utdanna naturforvaltar ved Norges landbrukshøgskule, og har tatt doktorgrad ved Universitetet i Aalborg. Han har arbeidd som forskar ved Vestlandsforskning sidan 1990. I 2012 vart Aall tilkjent professorkompetanse i berekraftig utvikling ved Aarhus Universitet. Carlo er tilsett i 20 prosent stilling som professor II i berekraftig utvikling ved Høgskulen på Vestlandet, og er leiar for det nyoppretta Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt) ved Vestlandsforskning.

## Turid Haga Vange



Turid Haga Vange driv i lag med familien økologisk mjølk - og kjøttproduksjon i Vik i Sogn. Vange er 33 år, og har utdanning som agronom i økologisk landbruk frå Sogn Jord - og Hagebruksskule, samt bachelor i Husdyrvitenskap frå NMBU på Ås. På garden har ho kring 40 årskyr, ho har konsentrert haustkalving og nyttar fjellbeite frå juli til midten av september.

## Jakob Simonhjell



Jakob Simonhjell er direktør for Norsk Landbruksrådgiving. Simonhjell er frå ein gard på Nordmøre og driv no eit bruk med knappe 90 dekar korn søraust i Akershus. Han har studert ved Landbrukshøgskolen på Ås og har fartstid frå Norske Felleskjøpet, Norsk Landbrukssamvirke og Nortura. Simonhjell meiner at NLR skal ha stølvane på og vere ute der bonden er!

## Laila Bjørge



Laila Bjørge er landbrukssjef for kommunane Meland og Modalen. Bjørge er sivilagronom frå Landbrukshøgskulen på Ås. Ho driv gard med grasproduksjon, skogbruk og kjøttproduksjon på sau og storfe. Bjørge er spesielt interessert i småskala næringsutvikling knytt til natur og landbruk og er styremedlem i Nordhordland Næringshage AS.

Framsidedfoto: Kristin Myren  
Uforming: Kristinkom.no



Fylkesmannen i Vestland



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE